



## Asbjørn Sæbø til minne

Asbjørn Sæbø døydde 26. januar 1986. Han var fødd i Måndalen i 1898, og der voks han opp. Han gjekk landbrukshøgskulen på Ås, og vart utskiftingslandmælar som det heitte då. Første arbeidsplassen hans var Sortland i Vesterålen. So var han nokre år på Sandane i Nordfjord, og i 1935 vart han tilsett ved jordskifteverket i Romsdal og fekk bustaden sin på Molde. Der vart han verande. Om ei tid vart han jordskiftedomar, og i 1963 slutta han i yrket sitt.

Jordskifte var faget hans. Me skal ikkje skrive om det. Han gjorde sikkert der au eit arbeid som var vel gjennomtenkt og fint fråseg-gjort, slik det var med alt anna han gjorde.

Det var med Asbjørn Sæbø som med mange andre at det vart det han gjorde utanom det faglege yrket sitt som folk minnest han mest for. Her skal me nemne sogemannen. Tidleg flytte han frå heimbygda, men ho levde i han heile livet. Han levde ute og heime på ein gong. Ein god del stoff tok han over frå far sin, lensmann P. Chr. Sæbø, og frå mor si, Ingeborg Knutsdotter, f. Moen, og meir samla han sjølv.

Han var sogemann so god som det er råd å få slike i vår tid. Røtene sine heldt han friske. Ingen trong tvile på kva kar ein hadde føre seg når ein møtte han i moldegata og kom i prat med han. Han ville vere den

han var, og hadde nok ikkje greidd å skape seg om heller, same om han det ville. Det låg so greitt til rettes for han når han snakka. Hadde han gjort seg opp ei meining - og det hadde han - so var han sanneleg ikkje lett å rikke.

Men humoren låg der på lur, og den ironiske replikken, spiten, og evna til å finne dei rette orda den rette tida, ordkunsten. For å bruke eit nokolunde nytt ord so kan me seie at han skapte miljø kring seg.

Han var ein slags bygdediktar au. I stykka sine om gamletida gjorde han både tida og personane levande for oss tå di dei tala so direkte og munnleg. Eg mistenkjer han for at han ofte skapte replikkane deira. Men dei var like ekte for det. Han var so sikker på folket sitt at han la orda sine i munnen på menneske som hadde levt for kanskje eit par hundre år sidan, og det var ekte og kvar dagsleg tale. Det vart deira tanke og ord.

Han visste so mykje om dei som levde før. Til all lukke skreiv han ned mykje. Med det la han m.a. grunnlaget for bygdesoga for gamle Voll herad.

Mannen hadde mange interesser utanom dette. Han var m.a. tidleg ein ivrig fotograf, dreiv med kunstmåling, og kunne skrive eit dikt om det trongst.

Asbjørn Sæbø var eit medium, ein mellommann mellom den gamle og den nye tid. Og enno ein gong undrar me oss på om det kjem til å vekse opp meir slike menneske på bygdene.

No er han borte. Me er glade for at han levde.

***Eirik Moen***

#### **Asbjørn Sæbøs forfattarskap**

***Landmåling. Stutt rettleiing.*** 1. og 2. opplag prenta av Noregs Boklag, 56 s. Oslo 1958.

***Jordskifte og giftarmål,*** spelstykke for ungdomslag. 48 s. Marius Evjeberg sitt forlag 1959.

***Grytten og Voll Sparebank 1877- 1957.*** Banksoge, 140 s. Åndalsnes Avis sitt prenteverk 1960.

***Frå Bjønndalen.*** 119 s. Rune Forlag, Trondheim, 1965.

**Vestnes Sparebank 1863 - 1963.** Banksoge. 253 s. Prenta i Boktrykk, Bergen, 1977.

**I Bygdaboka for Voll,** band I, Volda 1979 har han følgjande bidrag:

- Andre næringsveggar. Om ville dyr, jakt og fangst (s. 148-178)
- Kamp og krig (s. 240-373)

**Særprent frå Åndalsnes Avis:**

**Gamle juleskikkar i indre Romsdal.** 11 s. 1960 (30 ekspl.)

**Om gamle eigedomstilhøve i Skorgedalen og Ljosådalen.** 27 s. 1963. (100 ekspl.)

**Primstav, vermerke og anna.** Åndalsnes, 1964. 35 s. (300 ekspl.)

**Frå fjøs og fjell i indre Romsdal.** 80 s. 1964. (125 ekspl.)

**Attmed bautasteinane.** 11. s. 1969.

**Gammalt matstrev og matstell i Måndalen.** 42 s. 1971.

**Soldat Ole Ellingsen Sæth.** 12 s. 1971. (50 ekspl.)

**Slettafossen.** 13 s. 1973.

**Måndalingar som var med i Holstein i 1762-1763.** 32 s. (300 ekspl.)

**I årsskriftet åt Romsdal Sogelag:**

**Ein klokkarstrid frå 1790-åra.** 11 s. 1927.

**Hoggorm - sjøorm.** 1 s. 1933.

**Omkring slaget ved Trangen i 1808.** 8 s. 1965.

**Steinalderfunn i Måndalen.** 2 s. 1965.

**Vollsokningar i svensk krigstenest.** 8 s. 1965.

**Svarteboka.** 8 s. 1966.

**Pinnspel.** 8 s. 1966.

**Truer og røymsler om hoggorm i Måndalen.** 6 s. 1967.

**Omkring nokre soldatbrev i tida 1811-1814.** 10 s. 1969.

**Korleis vil veret og årsavlinga verte?** 5 s. 1969.

**Gamlekyrkja på Voll.** 19 s. 1970.

**Hovdekollen. - Ei bygdeborg i Måndalen.** 9 s. 1972.

**I Jul i Romsdal:**

1960: Litt om gamal skrift.

1961: Då det var bjørn.

1962: Bjørneminne.

1963: Litt om Oppeseter.

1964: Tronge Tider.  
1965: Prisonen.  
1966: Då brennevinet skulle hjelpe fram jordbruket.  
1967: Juletreet.  
1968: Månvatnet i Måndalen.  
1969: Om ver og vind.  
1970: Frå segn og soge.  
1971: Visediktaren Lars Ivarson Sæbø.  
1972: Barnet.  
1973: Troll - Hulder - Trollkjerringar.  
1974: Frå Molde til Hadrians mur.  
1975: Utdrag av den eldste kyrkjeboka for Grytten.  
Elles har han ein del innlegg i Tidssrift for jordskifte og ymse andre blad.

\*

Asbjørn Sæbø sat i skriftstyret for Sogelaget i åra 1964-71, og i 1968 utarbeidde han systematisk register for Romsdal Sogelags årsskrift 1921-67, trykt i årsskrift 1968. For dette arbeidet, saman med ein stor lokalhistorisk produksjon, vart han i 1974 utnemnd til æresmedlem i laget.

**B.A.**